



Systrene Nilsen har hatt ein god sesong. Her dansar Pasang Sherpa med Karoline Neset. Dei har begge vore tilknytta restauranten (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sommaren er på hell. Sesongen er ikkje over for dei som driv turisme og næring retta mot tilreisande og ferierande.

Arbeidsgruppa for kultur, turisme og informasjon i UskedalenUtvikling inviterer likevel til oppsummeringsmøte tysdag 23. august kl. 20 på Systrene Nilsen.

Morten Nilsen og eigarane av restauranten vert med på møte.

På møte vil vi særleg ha fokus på:

- **Sommardrifta på Systrene Nilsen**
- **Gjester i båthamnane og på campingen**
- **Fiske i Uskedalselva**
- **Overnatting og låvedansar**
- **Handel**
- **Informasjon og profilering**
- **Skilting**
- **Fjellklatring og turar i fjellet**

Vi legg opp til eit innlegg frå nokre av dei faste feriegjestene i Uskedalen.

For 2012 må vi sei noko om Festidalen og kva vi elles må førebu og gjera betre til neste år.

Møte er ope for alle, privatpersonar, næringsdrivande og representantar frå lag og organisasjonar.